

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 16.03.2011

Sak nr.: 10/6760-4

Internt l.nr. 8572/11

Sak: 19/11

Tittel: Høyring - Kriterier for regionale filmsentra

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Hovudutval for kultur tek saka til vitande.
- 2 Fylkesdirektøren får til oppgåve å svare på høyringa i samsvar med dette, innan fristen 1. april.

Saksbehandlar: Lars Grøteide
Avdeling: Kulturavdelinga

Sak nr.: 10/6760-3

Høring - Kriterium for regionale filmsentra.

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for kultur tek saka til vitande.
- 2 Fylkesdirektøren får til oppgåve å svare på høyringa i samsvar med dette, innan fristen 1. april.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Høring - Kriterier for regionale filmsentre, Det Kongelige Kulturdepartement.

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Kulturdepartementet sendte 21.12.2010 ut eit høyringsbrev med forslag til kriterium for fordeling av statlege midlar til regionale filmsentra. Vestnorsk filmsenter er ein av desse. Fylkeskommunane er høyringsinstans. Korleis tilskota vert fordelt mellom ulike regionar vil og virke inn på filmsatsinga i Sogn og Fjordane.

2. BAKGRUNN

Departementet foreslår i høyringsbrevet følgjande modell for fordeling av statlige midlar til dei regionale filmsentra:

60 % av midlane vert fordelt etter vekta folketalsfordeling i fylka. Forslaget inneber at dei tre nordnorske fylka får folketallet vekta med 2, medan fylka i austlandsområdet får folketallet vekta med 0,5. Folketal er føreslege nytta som tildelingskriterium fordi dette ifølgje departementet vil gje ei enkel og berekneleg utrekning av midlane. Bakgrunnen for at det føreslege ei sterkare vektning av de nordnorske fylka, er at de har *"lavt folketall, store avstander og lang vei til sentrale strøk"*. Tilsvarande vert det føreslege ei svakare vektning av fylka i austlandsområdet. Det vert slege fast at *"det er ikke et mål for den regionale filmpolitikken å bidra til å styrke bransjen i sentrale strøk."*

40 % av midlane vert føreslege fordelt etter ei kvalitetsvurdering. Kriteria som departementet ynskjer å nytta er:

- *"En kvalitativ vurdering av bransjens størrelse, styrke og profesjonalitet, der også objektive kriterier trekkes inn (antall søknader, prosjekter, selskaper)*
- *Behovet for å utvikle sterke miljøer utenfor det sentrale østlandsområdet*
- *Resultater: filmer vist på festivaler, NRK, TV2, kino*
- *Planer og resultater: talentutvikling, kompetanseheving*
- *Planer og resultater: barn og unge, særlig unge talenter*
- *Planer og resultater: likestillingstiltak"*

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Oversikten som er vedlagt høyringsbrevet syner at i eit scenario med 60 % tilskot på bakgrunn av vekta folketalsfordeling, vil Vestnorsk filmsenter AS få om lag kr. 4,2 mill i tilskot frå denne delen av statstilskotet, gjeve den totale ramma for statlige midlar til regionale filmsentra for 2011. Kr 4,2 mill utgjer då om lag 58,3 % av det samla tilskotet i 2011, altså nær 60 %. Dette inneber at ein vekta folketalsfordeling som føreslege slår tilnærma nøytralt ut for Vestnorsk filmsenter AS i høve dagens fordeling.

Høyringsbrevet syner at Vestnorsk filmsenter AS, for å få et like høgt tilskot frå den føreslegne modellen som tilskotet på kr 7,2 mill i 2011, i framtida må få kr 3,0 mill av totalt kr 13,3 mill som i samsvar med modellen skal fordelast etter kvalitetskriteria.

Fylkesdirektøren ser det ikkje som urimelig å anta at Vestnorsk filmsenter AS kan får eit høgare tilskot etter kvalitetskriteria enn dette beløpet. Det kan difor vera gunstig for Vestnorsk filmsenter AS at ei kvalitetsvurdering er inkludert i modellen.

Ut frå ei vurdering av den føreslegne modellen tykkjer fylkesdirektøren at fylkeskommunen bør slutte seg til ei vekta folketalsfordeling som grunnlag for fordeling av ein del av dei samla statlege tilskota til regionale filmsentra.

I så fall tilrår fylkesdirektøren at Sogn og Fjordane bør vektast på lik linje som Nord Noreg i høve folketal. Sogn og Fjordane har og store avstandar, lang veg til sentrale strøk og eit lågt innbyggjartal i høve andre fylker. I tillegg har vi nok ein svakare infrastruktur innan filmområdet enn de tre nordnorske fylka.

Det er ei politisk målsetting at det skal satsast på vekst i filmmiljøa utanfor det sentrale austlandet. Det er difor urimeleg at ein så stor del av statens midlar til de regionale sentra vil hamne i filmsenteret for Oslofjord- området. Dette er svært folkerike område, og sjølv med en folketalsvekting på 0,5 vil dette filmsenteret verta det senteret i landet som mottar mest støtte etter folketalsvekting. Og med omsyn til dei andre kriteria, kvalitative og kvantitative, vil dette senteret komme ut langt betre enn dei andre regionane, sidan hovudvekta av den veletablerte delen av norsk filmbransje ligg i dette området.

Utan tilrådde endring kan det vera vanskeleg å sjå for seg at ein kan få til nokon relativ auke av støtta til, omfanget av, og kvaliteten på filmproduksjonen utanfor det sentrale austlandsområdet.

På bakgrunn av kompleksiteten i utarbeidinga av kriteria for fordeling av statlige midlar til dei regionale filmsentra, tilrår fylkesdirektøren å gje innspel om at kriteria vert evaluert etter ein treårig prøveperiode.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren tilrår at ein sluttar seg til den vekta folketalsfordelinga som er føreslege i høyringsbrevet, men med forslag om at Sogn og Fjordane bør vektast likt som Nord Noreg når det gjeld midlane fordelt etter folketal.

Det vert tilrådd ei evaluering etter ein prøveperiode på tre år.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑